Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


**Chen Yung-kuei:**

# KRITISER «FIRAR-BANDEN» GRUNDIG OG SKAP EIT NYTT OPPSVING I RØRSLA FOR Å BYGGJA FYLKE AV TACHAI-TYPEN OVER HEILE LANDET

**Raport på den andre landskonferansen om å lære av Tachai i landbruket 20. desember 1976**

For å lette nedlastinga er bladet delt i flere filer. Se www.akp.no/ml-historie/pdf/rode_fane/1977/ for de øvrige.

Kameratar,

Den andre landskonferansen om å læra av Tachai i landbruket vert halden på det viktige tidspunktet då partiet vårt har vunne ein stor historisk siger. Konferansen vår vert halden i samsvar med eit vedtak i sentralkomiteen i partiet etter eit framlegg frå formann Hua Kuo-feng. Dette er ein svært viktig konferanse. Konferansen vår vil bli ei veldig drivkraft for den store kampen vi fører for å avsløra og fordøma den partifiendslege klikken til Wang Hung-wen, Chang Chun-chiao, Chiang Ching og Yao Wen-yuan, gje større kraft til rørsla for å byggja fylke av Tachai-typen enn i året som er gått og oppmuntra oss til å gjera endå større innsats enn i dette året. Dei siste dagane har kameratane studert formann Maos strålande verk *Om dei ti viktigaste forholda* på ein samvetsfull måte, gått gjennom oppsummeringsmeldinga kamerat Hua Kuo-feng la fram for siste års landskonferanse om å læra av Tachai, og studert dokument sentralkomiteen i partiet har sendt ut i samband med denne saka. Dei har og lese vitnemåla om brotsverka til den partifiendslege Wang-Chang-Chiang-Yao-klikken. Alle deltakarane har kome med varme lovprisingar av vår kloke leiar formann Hua. Dei har kome med rasande avsløringar og fordømingar av «firar-banden», utveksla røynsler som er vunne i det siste året i arbeidet med å byggja fylke av Tachai-typen og mekanisera jordbruksarbeidet, og har diskutert oppgåvene i framtida. Kameratane har vore trygge og oppglødde til sinns og har synt full tillit til at vi vil sigra i kampen for å få større fart på arbeidet med å byggja fylke av Tachai-typen over heile landet, få utviklinga av landbruket til å gå snøggare og gjera stoda endå betre.

Eg skal no gå nøyare inn på nokre få spørsmål.

### 1. Ein stor historisk siger

I oktober i år helsa heile partiet, heile hæren og folket av alle nasjonalitetar over heile landet to lukkelege hendingar velkom-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


ne. Den eine var at det politiske byrået i sentralkomiteen i partiet utnemnde kamerat Hua Kuo-feng samrøystes til formann i sentralkomiteen i KKP og formann i militærkomiteen under sentralkomiteen. Den andre var at sentralkomiteen i partiet med formann Hua Kuo-feng i brodden knuste dei kontrarevolusjonære planane til den partifiendslege klikken til Wang Hung-wen, Chang Chun-chiao, Chiang Ching og Yao Wen-yuan, som sikta mot å røva til seg den øvste leiinga i partiet og staten. Folket av alle nasjonalitetane våre gledde seg stort og heile landet var ei jubelscene som feira den store historiske sigeren.

Dette året har langt frå vore eit vanleg år. Den store leiaren og læraren formann Mao gjekk frå oss for alltid den 9. september. Og før dette tapte vi vår høgt akta og elska statsminister Chou En-lai og formann Chu Teh. Heile partiet, heile hæren og folket av alle nasjonalitetar i landet vårt sørga djupt, og samstundes var dei urolege for framtida og lagnaden åt partiet og staten. På den tida stod vi verkeleg overfor fåren for at partiet vårt skulle bli revisjonistisk og at landet skulle skifta politisk farge. «Firar-banden» åt Wang-Chang-Chiang-Yao hadde praktisert revisjonisme i lang tid, hadde skapt kløyving og samansvorne seg og drive med intrigar under eit dekke av marxisme, og hadde drive verksemd for å røva til seg makta i partiet og staten i lang tid. I den tida då formann Mao var alvorleg sjuk og etter at han hadde gått bort, sette dei opp farten og rasa fram for å røva til seg den øvste leiinga i partiet og staten. Dei er ein bande borgarlege samansverjarar og karrieristar, typiske representantar for borgarskapet i partiet og folk som går den kapitalistiske vegen, ikkje angrar seg og går der framleis. Det finst alvorlege spørsmål i den politiske historia til somme av dei og. Dersom samansverjinga deira hadde lukkast, dersom dei hadde teke makta, ville dei ha sett i verk eit fascistisk diktatur over heile landet og i utanrikssaker ville dei ha gått heilt inn for landssvik og kapitulasjonisme. Rett nok kan vi slå fast at dei ville fått eit stutt politisk liv og at dei ikkje ville blitt tolt av dei revolusjonære som står for interessene til meir enn 90 prosent av folket. Desse ville for visst ha organisert seg for å styrta dei, det ville ikkje vore til å unngå at det hadde blitt borgarkrig i eit slikt tilfelle, og dette ville ha ført til at den kinesiske revolusjonen vart sett attende.

På dette kritiske historiske tidspunktet var sentralkomiteen i partiet med kamerat Hua Kuo-feng i brodden trufaste med å setja i verk påboda frå formann Mao, knuste den kontrarevolusjonære samansverjinga til «firar-banden» i eit slag på ein klok og resolutt måte. Dermed berga dei partiet og revolusjonen. Den store sigeren i denne kampen er svært viktig nett no og vil få mykje å seia på lang historisk sikt for partiet vårt når det gjeld å halda seg til den grunnleggjande partilina og partipolitikken, halda iherdig fram med revolusjonen under proletariatets diktatur og fullføra den proletariske revolusjonære saka i Kina som formann Mao bana vegen for. Han vil få mykje å seia for å konsolidera og utvikla det som vart vunne i den Store Proletariske Kulturrevolusjonen, for å styrkja proletariatets diktatur, hindra gjenoppretting av kapitalismen og byggja sosialismen, og for å halda den proletariske internasjonalismen i hevd og halda fram med å fylgja den revolusjonære utanrikspolitiske lina til formann Mao.

Kamerat Hua Kuo-feng er opplært og utvald til etterfylgjar av den store leiaren formann Mao sjølv. Formann Mao hadde full tiltru til kamerat Hua Kuo-feng og skreiv **«Når du har ansvaret er eg trygg»** i si eiga handskrift. Kamerat Hua Kuo-feng er lojal mot marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking og har sett den proletariske revolusjonære lina og politikken til formann Mao ut i livet med fast hand. Kamerat Hua Kuo-feng er lojal mot partiet og usjølvisk, han er open og rettfram, smålåten og klok, har ein demokratisk stil i arbeidet, er ikkje kravstor og avvisande og er flink til å stå saman med andre kameratar og arbeida saman med dei. Han har evner til å leia heile partiet og kom-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011





*Kamerat Chen Yung-kuei legger fram meldinga si på den 2. landskonferansen for å lære av Tachai, 20. desember 1976. Chen Yung-kuei leda arbeidet i Tachai da fylket blei utpekt som mønster for utviklinga av landbruket av formann Mao. Han er nå medlem i politbyrået i sentralkomiteen i KKP.*

mandera heile hæren og er ein framifrå marxistisk leiar. Heile partiet, heile hæren og folket av alle nasjonalitetar over heile landet er svært byrge over at dei nok ein gong har fått sin eigen kloke leiar.

Partiet vårt er eit stort parti, hæren vår er ein stor hær og folket vårt er eit stort folk. Sidan sigeren i den nydemokratiske revolusjonen har vi vunne røynsler frå 27 år med sosialistisk revolusjon og oppbygging. Særleg gjennom den Store Proletariske Kulturrevolusjonen, då dei borgarlege hovudkvartera til Liu Shao-chi og Lin Piao vart knuste, og no då «firar-banden» som freista å øydeleggja landet og folket er blitt knust, har Mao Tsetungs tenking trengt stadig djupare inn i hjarta til folket, og dei hundretals millionane i folket har fått eit fastare grep om den revolusjonære lina åt formann Mao. Under leiing av sentralkomiteen i partiet med formann Hua i brodden har partiet vårt blitt endå meir sameint og endå sterkare, og proletariatets diktatur er blitt meir konsolidert. Vi har «**ein politisk situasjon der det både finst sentralisme og demokrati, både disiplin og fridom, både einskap i viljen og tilhøve der kvar einskild er trygge til sinns og livfulle.**» Landet vårt er rikt på løfte og folket i landet vårt er trygge på sigeren. Det finst ingen hindringar på vegen framover som vi ikkje kan koma over. Det vert skapt eit oppsving i den sosialistiske revolusjonen og oppbygginga av sosialismen, og vi må styrkja den revolusjonære gløden vår for å helsa dette nye oppsvinget velkome.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011



## II. Løft den raude fana for å læra av Tachai i landbruket endå høgare

I det siste året har det blitt kjempa ein stri kamp mot «firar-banden» kring spørsmålet om ein skal halda iherdig fram med rørsla forå **læra av Tachai i landbruket** eller gå imot henne. Dette var ein hard strid mellom proletariatet og borgarskapet.

Det fyrste steget i lær-av-Tachai-landskonferansen vart gjennomført i september i fjor med godkjenning frå sentralkomiteen i partiet. Konferansen vart halden i Hsiyang-fylket. Chiang Ching kom til Tachai før konferansen byrja. Kvifor reiste ho dit? For det fyrste for å gå til åtak på Tachai. For det andre for å fordøma filmen *Pionerane**. Og for det tredje for å laga ein såkalla kommentar til romanen *Vasskanten***. Ho ville ta den raude fana frå Tachai. Ho sette seg rasande mot formann Maos direktiv om filmen *Pionerane* for å prøva å riva den raude fana frå Tachai. Ho plapra om at «det springande punktet i boka *Vasskanten* var å gjera Chao Kai til ein gallionsfigur «og at i dag er det folk i sentralkomiteen i partiet som vil gjera formann Mao til ein gallionsfigur.» Målet hennar var å skapa røre og leggja planar for å kløyva sentralkomiteen i partiet.

Chiang Ching gjekk til eit overraskingsåtak i ein tale ho heldt utanom programmet under opningshøgtida for konferansen den 15. september. Ho skulda fyrstesekretærene i partikomiteane i provinsen for at dei ikkje brydde seg om landbruket sidan dei ikkje var med på konferansen, endå ho visste vel at det var vedtak i sentralkomiteen i partiet om at dei ikkje skulle vera med. Ho kravde at talen hennar om *Vasskanten* skulle bli prenta og delt ut og at det skulle bli spelt eit opptak av talen hennar om det same emnet på konferansen. Ho freista å laga vanskar på denne måten og endra innrettinga på konferansen ved å retta åtak mot formann Mao, statsminister Chou og andre leiande kameratar i det sentrale partistyret. Kamerat Hua Kuo-feng var dirigent for konferansen. Han gjennomskoda planen hennar og melde straks frå om det til sentralkomiteen i partiet og til formann Mao. Formann Mao kritiserte talen til Chiang Ching skarpt: «**Berre drit! Ho rettar bakar for smed**», og gav denne særskilde instruksen: «**Ikkje gje ut talen, ikkje spel opptaket eller prent teksten.**» Formann Mao ba og ein leiande kamerat i sentralkomiteen i partiet om å senda denne meldinga til kamerat Hua Kuo-feng over telefon. I samsvar med direktivet frå formann Mao gav kamerat Hua Kuo-feng konferansen instruks om å ikkje spela opptaket til Chiang Ching eller dela ut teksten til talen hennar, og han ba kamerat Wang Chien (fyrstesekretær i partikomiteen i provinsen Shansi der Tachai og Hsiyang ligg) om å ikkje spela opptaket i Shansi-provinsen heller. Dermed gav han Chiang Ching ein fulltreffar og øydela planen hennar.

15. oktober la kamerat Hua Kuo-feng fram oppsummeringsmeldinga «Mobliser heile partiet til ein veldig innsats for å utvikla landbruket og byggja fylke av Tachai-typen over heile landet» på vegne av sentralkomiteen i partiet. Meldinga er eit viktig

* Denne filmen skildrar dei heltemodige bragdene til oljearbeidarane som opna Taching-oljefeltet. Han vart godkjend av formann Mao og varmt motteke av massane. (Sjå artikkel om denne filmen og kampen «firar-banden» retta mot han i Peking Review 47/76, s. 16.)

** *Vasskanten* er ein roman om ein bondekrig mot slutten av Nordre Sung-dynastiet (960 — 1127 før vår tidsrekning). Chao Kai er leiaren for bondeoppreisten i denne romanen. Etter at Chao Kai døydde røvar Sung Chiang til seg leiinga og gjev seg over til keisaren. Han er ein representant for godseigarklassen som har orma seg inn i rekkjene til bondeopprørarane. Formann Mao peika på dette: «**Det gode ved boka Vasskanten ligg nettopp i at ho målar eit bilete av kapitulering. Ho tenar som læremateriale gjennom negativt døme for å hjelpa heile folket til å kjenna kapitulasjonistane att.**» Men Chiang Ching, klussa med denne instruksen frå formann Mao, og hadde skumle formål med det.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


marxistisk dokument som er oppfylt av Mao Tsetungs tenkning, og det vart møtt med varm støtte fra alle representantane på konferansen. Dei sa: «Dersom vi gjer på denne måten, vil det bli fullt driv over arbeidet vårt og vi kan sjå lyst på framtida.» Men «firar-banden» hata meldinga til kamerat Hua Kua-feng, som var blitt diskutert og godkjend av det politiske byrået. Straks etter at meldinga var lagt fram, snudde Chiang Ching seg rundt i sinne og sa dette til kamerat Hua Kuo-feng og meg: «For å seia det mildt, det var ei revisjonistisk melding!» På denne måten var ho frekk nok til å setja merkelappen revisjonistisk på meldinga. Men den store leiaren formann Mao var svært nøgd med konferansen. Formann Mao godkjende meldinga Hua Kuo-feng hadde laga same kvelden ho vart send til han. Meldinga vart send ut til heile partiet som dokument nr. 21 frå sentralkomiteen i partiet.

Retningslinene i meldinga inspirerte heile partiet og mobiliserte det, og kadrane og massane synte stor entusiasme. Det kom snart eit veldig oppsving i arbeidet med å byggja fylke av Tachai-typen over heile landet, og det gav kraft til arbeidet på alle felt. Heile landet var fullt av liv og stoda var framifrå. Nett då kom «firar-banden» fram for fullt og gjorde desperat motstand for å freista å trampa ned rørsla for å byggja fylke av Tachai-typen. Wang Hung-wen ringte og bad om alle referata frå konferansen, for å prøva å få tak i opplysningar som kunne sverta kamerat Hua Kuo-feng og andre leiande kameratar i den sentrale styresmakta. Yao Wen-yuan nekta avisa *Hongqi* (Raude Fane, det teoretiske partitidsskriftet, *red.*) å prenta meldinga frå kamerat Hua Kuo-feng og sa: «Vi vil ikkje offentleggjera henne,» «Eg vil berre ikkje prenta henne.» Endå meldinga sto i innhaldslista, tok han henne ut. Han gjekk tilmed mot å la det koma ut omtale av Tachai og Taching. Han ga pålegg til *Renmin Ribao* (Folkedagbladet, hovudorganet til kommunistpartiet, *red.*) med desse orda: «Ikkje gjer vesen av Tachai i alt de skriv,» «Ver meir varsame med å laga omtalar av Taching.» Massemedia som var under kontroll av «firar-banden» lira av seg den eine artikkelen etter den andre som gjekk til åtak på kamerat Hua Kuo-feng si melding ved hjelp av insinuasjonar. Chang Chun-chiao avviste meldinga frå Hua Kuo-feng fullstendig og gav ordre til Shanghai om at dei ikkje måtte fylgja henne og «stå fast».

Ein svoren tilhengjar av «firar-banden» i Liaoning-provinsen gjekk og til vill motstand mot å handla i ånda frå konferansen. Han nekta å kalla inn noko som helst møte i samband med dette, stort eller lite. Etter hemmelege pålegg frå «firar-banden» sette visse folk i partikomiteen i Shanghai bydistrikt opp fire forbod: For det fyrste, forbod mot å nemna noko om at «nykkelen til å byggja fylke av Tachai-typen ligg i fylkespartikomiteane.» Dei skreik ut: «Kvifor ikkje partikomiteane i provinsane? Og kva med sentralkomiteen?» For det andre, forbod mot å konsolidera partiorganisasjonane og korrigera arbeidsstilen. Dei baktala begge delar som «metafysikk». For det tredje, forbod mot å senda ut arbeidslag. Dei bakvaska denne praksisen som «den borgarlege reaksjonære lina» eller «røynsla frå Taoyuan*.» For det fjerde forbod mot oppseding i grunnlina åt partiet. Dei svina dette til som «kritikk av småborgarskapet frå storborgarskapet.» Dei gjekk tilmed så langt som å seia slikt som: «Når ulvane har makta, kva hjelp er det då å gå til åtak på revar?» for å kasta skit på den store leiaren

* I 1963, då formann Mao kalla heile nasjonen til å starta den sosialistiske oppsedingsrørsla både i byene og på landet, sende Liu Shao-chi eit arbeidslag med kona si som leiar til Taoyuan produksjonsbrigade i Hopei-provinsen. Ho og dei andre medlemene i arbeidslaget lot som dei sette rørsla ut i livet. Men dei gjekk til åtak på kadrane og fattigbøndene og dei lågare mellombøndene som heldt fast på å fara den sosialistiske vegen, og skjerma dei låke elementa for å freista å få til ei gjenreising av kapitalismen der. Liu Shao-chi og kompani priste den såkalla «røynsla frå Taoyuan» opp i skyene og samansverja seg for å popularisera henne over heile landet.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


formann Mao og andre leiande kameratar i sentralkomiteen. Dei gjekk og til arge åtak på kamerat Hua Kuo-feng si melding, vrei på tinga og sa: «Sjølv om formann Mao har kontrollert dokumentet, vil ikkje det naudsynlegvis seia at han er samd. Vi må få sjå. Lat han (dvs. kamerat Hua Kuo-feng — *oms.*) få syna kva han står for.» Kor djevelsk reaksjonære dei var!

Kamerat Hua Kuo-fengs tale på møtet som kritiserte Teng Hsiao-ping i februar i år var diskutert og godkjend av det politiske byrået og hadde støtte frå formann Mao. Talen la tydeleg vekt på at rørsla skulle gjennomførast under sentralisert leiing av partikomiteane på alle plan og at ein ikkje skulle gjera nokon freistnad på å jaga fram agentar for Teng på alle plan. «Firar-banden» prøvde å undergrava den sentraliserte leiinga åt partiet. Dei gjekk sin eigen veg og stakk fingrane sine opp i all ting og skreik om å jaga ut folk på alle plan, ja, tilmed «eit lag av personar», for å freista å velta mange leiande kameratar på sentralt og lokalt plan i partiet, riksstyret og hæren. Formann Mao gav denne instruksen: **«Ikkje la det gå utover industrien, landbruk, handel og hæren.»** Men dei eggja opp somme folk og slo seg saman for å forma «kampgrupper» og skreik: «Ikkje produser for den range lina.» Dei lagde bråk overalt, lamslo somme partiorganisasjonar og organisasjonar i riksstyret, fekk gjennomført gjenreising av kapitalismen fleire stader og slapp laus uhyre av alle slag som retta ville åtak mot partiet.

På grunn av innblandinga og sabotasjen frå «firar-banden» var det somme plassar som vart uvisse og vakla i å gjennomføra Dokument nr. 21 som vart sendt ut av sentralkomiteen i partiet i 1975. Somme andre plassar kalla attende dei arbeidslaga dei hadde sendt ut for å driva oppseding i partiet si grunnline. I lys av dette la sentralkomiteen i partiet ein plan for å senda eit direktiv over telefon i april i år, for å gå god for at dokument nr. 21 var korrekt og at det var rett å driva oppseding i partiet si grunnline i landsbygddistrikta, konsolidera partiorganisasjonane og korrigera arbeidsstilen og senda arbeidslag ut på landsbygda, og for å insistera på at alt dette skulle bli fylgt opp og gjennomført. Då sa Chang Chung-chiao frekt: «Kven veit om denne oppsedinga i grunnlina er korrekt eller ikkje!» «Den reaksjonære lina fekk arbeidslag til å dra ut og nekta dei å venda attende til avdelingane for å gjera opprør. Er dette tillateleg?» og «No må vi ikkje halda fram med å handla i samsvar med dei planane som er sette opp i Dokument nr. 21.» Som ein fylgje av dei hindringane «firar-banden» la i vegen vart ikkje direktivet send ut.

I mai og juni i år ga statsrådet pålegg om at Landbruks- og skogbruks-departementet skulle arrangera lokale møte om sommarinnhaustinga, planting og jordstell i Nord-Kina og om risavling i sør. Etter oppdrag frå sentralkomiteen i partiet la eg fram formann Mao sine instruksar om den sosialistiske oppsedingsrørsla på desse møta, tok opp att at ein måtte gjennomføra sentralkomitedokument nr. 21 på ein samvetsfull måte og understreka støtta til arbeidet partikomiteane driv på alle plan og at ein må ta eit grep om revolusjonen og fremja produksjonen. Dette trefte «firar-banden» der det svei mest. Agentane deira i Shanghai og Soochow hevda at eg ikkje var kvalifisert til å representera sentralkomiteen i partiet og bakvaska talen min med at han var «100 prosent teori om produktivkreftene» og at eg «berre veit korleis det er å arbeida og sveitta hardt, men ikkje nokon ting om den politiske lina.»

Trass i at helsa til Formann Mao hadde vorte verre, dro Chiang Ching til Tachai for annan gong den 2. september for å slappa av og nyta landskapet, ri på hesteryggen og sjå på rådyra. Ho hadde ikkje før kome seg av toget før ho vende seg mot Tachai og blæra seg og sa: «Eg har kome for å kjempa mot den revisjonistiske lina.» Ho tala over seg om at «Tachai heng etter politisk» og «fylgjer den revisjonistiske lina». Ho tenkte å få rive ned i eitt tak den raude fana til Tachai som formann Mao hadde sett opp.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011






*Fra plenumsmøtet på den 2. landskonferansen for å lære av Tachai, 20. desember 1976. (Foto: Hsinhua)*

Ho ynskte å laga ein ny «modell». Kven var det ho hadde i tankane? Seg sjølv.

Det fins ugjendrivelege prov på dei heslege brotsverka «firar-banden» har gjort for å blanda seg inn i og sabotera rørsla for å læra av Tachai og byggja fylke av Tachai-typen over heile landet. Dei gjekk imot å setja alt inn på å kritisera revisjonismen og kapitalismen og byggja sosialismen, og dei freista å riva ned den raude fana til Tachai. Kjerna i gjerningane deira var å røva til seg makta i staten og partiet, endra grunnlina åt partiet og gjenreisa kapitalismen.

Då Tachai og Hsiyang sto framfor dei kontrarevolusjonære åtaka frå «firar-banden» sette dei nok ein gong eit føredøme for oss gjennom den rådsnare kampen dei førte mot banden. Massane og kadrane sto fast mot den dårlege vinden og vann over all innblandinga, og rørsla for å læra av Tachai i landbruket gjekk fram tvers gjennom den stormande klassekampen. Dei over 300 fylka som alt hadde utmerka seg i rørsla, er blitt konsoliderte og har gjort nye framsteg. Om lag hundre nye fylke har slutta seg til rekkjene av framskridne avdelingar i å læra av Tachai i år. Mange provinsar har halde ihuga fram med å læra samvetsfullt av Tachai og har sett i sving storstilt oppseding i partiet si grunnline, og svært mange fylke har rykt fram i rørsla for å læra av Tachai. Provinsane Shantung, Kiangsu og Anhwei har fått ein framskuv gjennom oppsedinga i partiet si grunnline, og har gjort store framsteg i landbruksproduksjonen. I 1975 auka Shantung kornavlingane sine med 2.750.000 tonn i høve til i 1974, og i år kunne provinsen skriva opp ein ny auke på 2.500.000 tonn. Tilmed i område som var mykje plaga av innlbaninga frå «firar-banden», er det mange fylke som har stått fast og halde fram med å arbeida for å gjennomføra Dokument nr. 21 utsend av sentralkomiteen, som har lært av Tachai utan å vakla og har nådd nye resultat.

Men vi må merka oss at innblandinga og sabotasjen frå «firar-banden» verkeleg førte til store tap for lær-av-Tachai-rørsla og for landbruksproduksjonen, og dei stadene der dei blanda seg inn direkte, var resultata endå meir alvorlege. Landbruksproduksjonen i dei seks provinsane Yunnan, Kweichow, Szechuan, Fukien, Chekiang og Kiangsi har blitt plaga av alorlege avbrot i dei siste åra. I Wenchow, dèt prefekturet som er blitt plaga mest arlorleg, vart situasjonen så mykje dårlegare mange stader at jorda vart delt opp og kommunemedlemene måtte berga seg åleine.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


Det voks fram polarisering mellom rike og fattige att, svartebørsen tok overhand og den kollektive økonomien løyste seg opp. Klassefiendar tyranniserte folket og fattigbønder og lågare mellombønder vart kasta ut i elende. Her vart kadrar som heldt kollektivet i hevd brennemerka som «folk som fer den kapitalistiske vegen», medan dei som eggja folk til å berga seg åleine vart kalla «revolusjonære». Dømet med Wenchow syner at dersom «firar-banden» hadde gripe makta, ville det ha kome ei gjenreising av kapitalismen over heile landet, landet vårt ville ha skifta farge og folket ville atter ein gong blitt kasta ned i ein avgrunn av liding.

No då «firar-banden» er slått over ende, er planen han hadde for å sabotera rørsla for å læra av Tachai og byggja fylke av Tachai-typen også blitt knust til pinneved.

Men det trengst ein veldig innsats for å likvidera dei skadelege resultata og innverknaden etter dei. Vi må skjøna ultra-høgrekjerna i den kontrarevolusjonære revisjonistiske lina til «firar-banden». Og vi må gjera grundig og djuptgåande arbeid med å fordøma brotsverka dei har gjort når dei har gått mot strevet vårt for å kritisera revisjonisme og kapitalisme og byggja sosialismen og har freista å riva ned den raude fana til Tachai. Vi må halda fram med å fylgja oppsummeringsmeldinga som Hua Kuo-feng la fram på landskonferansen for å læra av Tachai i fjor på ein samvetsfull måte og halda iherdig fram med å kritisera revisjonisme og kapitalisme og setja alt inn på å byggja sosialismen. Vi må halda den raude fana for å læra av Tachai i landbruket endå høgare og gjera eit endå betre arbeid i rørsla for å læra av Tachai og byggja fylke av Tachai-typen over heile landet.

## III. Hald fram med å gjera oppsedinga i grunnlina til partiet djupare

Meldinga kamerat Hua Kuo-feng la fram på lær-av-Tachai-konferansen i fjor la fram prinsippa, politikken og meininga med å driva oppseding i grunnlina til partiet i landdistrikta i samsvar med formann Maos teori om proletariatets diktatur. Han peika på dette: «Å gjera oppsedinga i grunnlina for partiet djupare på landsbygda er ei grunntrygd for å byggja fylke av Tachai-typen.» I år er denne vitskaplege tesen av formann Mao send ut: «**De gjer sosialistisk revolusjon, og likevel veit de ikkje kvar borgarskapet finst. Det finst like inne i det kommunistiske partiet — dei i maktstillingar som går den kapitalistiske vegen. Dei som går den kapitalistiske vegen er framleis på den kapitalistiske vegen.**» Denne tesen har hjelpt oss til å få ei djupare forståing av grunnlina til partiet og har fått oss til å skjøna meir om kor viktig det er å driva oppseding i grunnlina til partiet. Vi må fylgja formann Maos lære og formann Huas instruksjonar og vera rådsnare med å føra oppsedinga i grunnlina til partiet vidare i djupna.*

No er hovudoppgåva i oppsedinga i grunnlina til partiet på landsbygda å vera dristige til å reisa dei hundretals millionane bønder

* *Grunnlina til partiet vårt*

På møtet om arbeidet i sentralkomiteen i partiet i Peitaiho i august 1962 og på det 10. plenumet i den 8. sentralkomiteen i partiet, sette formann Mao fram grunnlina åt partiet vårt for heile den historiske perioden åt sosialismen på ein endå meir samantrengd måte. Han peika på dette: «**Det sosialistiske samfunnet dekkjer ein heller lang historisk periode. I den historiske perioden åt sosialismen er det framleis klassar, klassemotseiingar og klassekamp, det er kamp mellom den sosialistiske vegen og den kapitalistiske vegen, og det finst ein fåre for gjenreising av kapitalismen. Vi må innsjå den langvarige og innfløkte karakteren ved denne kampen. Vi må bli meir årvakne. Vi må driva sosialistisk oppseding. Vi må skjøna klassemotseiingane og klassekampen rett, og handsama dei rett, skilna motseiingane mellom oss sjølve og fienden frå motseiingane i folket og handsama dei rett. Elles vil eit sosialistisk land som vårt slå om til sin motsetnad og degenerera, og kapitalismen vil bli gjenreist. Frå no av må vi minna oss sjølve om dette kvart år, kvar månad og kvar dag, slik at vi kan halda fast på ei heller nøktern forståing av dette spørsmålet og halda på ei marxist-leninistisk line.**»

Nettpublisering ved Forvaltningsgruppen for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011



til å føra ein folkekrig for å avsløra og fordøma «firar-banden» til Wang-Chang-Chiang-Yao. Striden partiet vårt fører mot «firar-banden» er i kjerna eit framhald av den langvarige striden Kinas Kommunistiske Parti og dei revolusjonære massane førte mot dei Kuomintang-reaksjonære, og eit framhald av klassekampen mellom proletariatet og borgarskapet og av kampen mellom marxismen og revisjonismen. Å gjera denne kampen djupare, det er svært konkret og djuptgåande oppseding i grunnlina til partiet. Når dette slaget er vunne, vil kadrane og massane ha fått eit mykje høgare medvit om klassekampen og kampen mellom dei to linene, og takta i rørsla for å læra av Tachai i landbruket og byggja fylke av Tachai-typen vil bli mykje snøggare. Leiinga på alle plan må stå fremst i kampen og leia massane i å nytta fakta frå landdistrikta til å vera grundige med å avsløra og fordøma dei usle brotsverka «firar-banden» har gjort gjennom å praktisera revisjonisme, skapa kløyving og gje seg ut i samansverjingar og intrigar under dekke av marxismen og freista å røva til seg makta. Dei må vera grundige med å avsløra og fordøma dei usle brotsverka dei har gjort gjennom å driva fram den kontrarevolusjonære revisjonistiske lina og freista å styrta proletariatets diktatur og gjenreisa kapitalismen. Og dei må driva grundig avsløring og fordøming av dei grove brotsverka dei har gjort ved å setja seg mot strevet vårt for å kritisera revisjonisme og kapitalisme og byggja sosialismen og ved å freista å riva ned den raude fana til Tachai for å stoppa lær-av-Tachai-rørsla.

«Firar-banden» stod for interessene til godseigarane, dei rike bøndene, kontrarevolusjonære og låke element og det nye og gamle borgarskapet, og tok eit reaksjonært standpunkt. Difor gjekk han imot å setja alt inn på å kritisera revisjonismen og kapitalismen og å byggja sosialismen. Dei tyranniserte folket, gjorde allslags vondskap og sette merke på folk og banka dei opp etter godtykke. Kvar og ein som lærte av Tachai vart brennemerka som ein som «ikkje grip klassekampen». Kvar og ein som dreiv oppseding i grunnlina åt partiet fekk merkelappen som ein som «retta brodden i åtaket nedover» og «gjekk mot korrupte embetsmenn, og ikkje mot keisaren*. Kvar og ein som dreiv med konsolidering av partiorganisasjonar vart skulda for å «gjenreisa kapitalismen» og «å gå attover». Kvar og ein som sende ut arbeidslag på landsbygda vart skulda for å «fylgja ei borgarleg-reaksjonær line». Kvar og ein som understreka det sentraliserte leiarskapet til partiet vart skulda for å «støtta dei som går den kapitalistiske vegen og kuar revolusjonen». Og kvar og ein som sette alt inn på å byggja sosialismen vart skulda for å praktisera «teorien om produktivkreftene». Det vart slengt klager og skuldingar til høgre og venstre og svolken vart brukt mot alt og alle, og dette kvelte den sosialistiske entusiasmen til kadrane og massane. Rett mange plassar vart det skapt forvirring i hovudet på folk og i klasserekkjene og det vart rot i partiorganisasjonane. Den sentraliserte leiinga til partiet vart skaka, den demokratiske sentralismen i partiet vart krenkt, det vart trampa på den fine partitradisjonen, det vart stukke kjeppar i hjula på innsatsen for å gripa revolusjonen og fremja produksjonen og proletariatets diktatur vart undergrave. Dei ville endra grunnlina til partiet, snu historia sitt hjul attende, setja klassefiendane som var blitt styrta tilbake til makta og kasta fattigbøndene og dei lågare mellombøndene attende i elende.

Når «firar-banden sette seg imot å gjera

* Då formann Mao kritiserte romanen *Vasskantet* peika han på dette: **«Vasskanten sette seg berre mot dei korrupte embetsmennene og ikkje mot keisaren.»** «Firar-banden» nytta det vanlege knepet sitt med å klussa med direktiva til formann Mao. Dei brukte desse orda og gjekk til åtak på rørsla på landsbygda for å konsolidera partiorganisasjonane og korrigera arbeidsstilen og sa at det berre var å korrigera på grunnplanet og ikkje sentralkomiteen. Dei retta altså i røynda spydodden i åtaket sitt mot sentralkomiteen med formann Mao i brodden.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


alt for å byggja sosialismen og slengte om seg med skuldingar i hytt og ver om at «teorien om produktivkreftene» vart praktisert, så synte det at dei ikkje forstod marxismen-leninismen i det heile teke. På denne konferansen har alle kameratar studert formann Maos *Om dei ti viktigaste forholda* og har gjennomskoda det revisjonistiske tøvet til «firar-banden» mykje klårare. Når det gjeld denne banden er det slik at **«metafysikken har teke overhand.»** Dei sette politikk opp mot økonomi, revolusjon opp mot produksjon, produksjonstilhøva opp mot produktivkreftene og overbygnaden opp mot den økonomiske basis og krenkte marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking fullstendig. Formann Mao har peika på dette: **«Det er absolutt ingen tvil om einskapen mellom politikk og økonomi, einskapen mellom politikk og teknologi. Dette er sant no og det vil alltid vera sant.» «Ideologisk arbeid og politisk arbeid er garantien for at ein skal få gjennomført økonomisk arbeid og teknisk arbeid, og dei tener den økonomiske basis. Vidare er det ideologi og politikk som har kommandoen, dei er sjela.»** Skilnaden mellom å gripa revolusjonen og fremja produksjonen på den eine sida og å praktisera «teorien om produktivkreftene» på den andre sida, den dreier seg om ein knyter utviklinga av produktivkreftene til sosialismen eller kapitalismen, det vil seia kjennemerket er kva for ein veg ein verkeleg vel. Det vi vil kritisera er det range tilviket til at ein ikkje grip klassekampen, ikkje bryr seg om politikk og ikkje vel den sosialistiske vegen. Vi vil slett ikkje kritisera utviklinga av den sosialistiske produksjonen.

For å gjennomføra oppsedinga i grunnlina til partiet må vi organisera kadrane og massane til å driva samvetsfulle studium av marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenking, fordøma dei revisjonistiske forfalskingane som «firar-banden» har spreidd, slå sund dei ideologiske lenkjene som dei har tvinga på folket, og skilna marxisme frå revisjonisme, sosialisme frå kapitalisme, materialisme og dialektikk frå idealisme og metafysikk. Vi må halda den store raude fana til Mao Tsetungs tenking høgt og marsjera støtt fram langs vegen med å læra av Tachai i landbruket.

For å gjennomføra oppsedinga i grunnlina til partiet er det naudsynt å gjera godt arbeid med å konsolidera partiorganisasjonane og korrigera arbeidsstilen. Vi må driva marxistisk oppseding i stor stil blant partimedlemene og kadrane, føra aktiv ideologisk strid og halda fylgjande tre grunnprinsipp betre i hevd: **«Praktiser marxisme og ikkje revisjonisme. Gå saman og ikkje lag kløyving. Ver open og rett fram og ikkje driv med intrigar og samansverjing.»** Spørsmåla om line, revolusjonær driv, arbeidsstil og einskap må bli vel løyste og innverknaden frå «firar-banden» må bli fjerna politisk, ideologisk og organisatorisk. Det må bli ført rådsnare kampar mot dei få folka som går den kapitalistiske vegen og ikkje vil angra seg og som praktiserer revisjonisme, lagar kløyving og driv med intrigar og samansverjing. På somme plassar må ein oppseda partimedlemene og kadrane slik at dei kan bli kvitt borgarleg fraksjonisme og styrkja den proletariske ånda. Partiorganisasjonane på alle plan må bli gjort til sameinte og kampviljuge leiande kjerner som set den revolusjonære lina og politikken til formann Mao ut i livet på snarrådd vis. Det er somme folkekommunar og produksjonsbrigadar der makta er i hendene på låke element, folk som er degenerert politisk, personar som ivrar etter å gå den kapitalistiske vegen og slike som snakkar ein etter kjeften og folk som enno står på steget med den demokratiske revolusjonen i ideologien sin. For å konsolidera partiorganisasjonane på grunnplanet må slike tilfelle bli handsama varsamt alt etter særkjennet ved kvart tilfelle. Under arbeidet med å konsolidera partiorganisasjonane og korrigera arbeidsstilen, skal vekta bli lagt på den ideologiske korrigeringa. Men der det verkeleg trengst, skal ein og gjennomføra organisatorisk korrigering for å sikra at den leiande makta

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011




*Bøndene i Tachai i arbeid med å bygge terrasser. På bildet fremst til høyre kamerat Chen Yung-kuei, som la fram meldinga på den 2. landskonfeansen i desember 1976. (Foto fra boka «Learn from Tachai»)*

verkeleg er i hendene på marxistar og fattigbønder og lågare mellombønder.

Kadrar på alle nivå må vera iherdige med å ta del i kollektivt produktivt arbeid. Kadrane på fylkes-, kommune- og brigadeplan må gjera fysisk arbeid i 100, 200 og 300 dagar i året ettersom. Det er viktig å ha ei rett haldning til den Store Proletariske Kulturrevolu-

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011


sjonen, til massane og til seg sjølv, å stø dei nye sosialistiske tinga varmt og streva medvete med å setja grenser for borgarleg rett. Prinsippet om å sameina gamle, mellomaldrande og unge i dei leiande organa må haldast i hevd, og ein må vera aktiv med å fostra og velja ut nye krefter som kjem fram i samsvar med dei fem krava til verdige etterfylgjarar i den proletariske revolusjonære saka. Vi må driva «7. mai»-kaderskular vel. Ungdom med utdanning som reiser ut på landsbygda for å slå seg ned der må få den omsorgen dei treng og få oppmuntring, og dei må få hjelp til å gje fullt utløp for den rolla dei har i dei tre store revolusjonære rørslene, klassekampen, kampen for produksjon og vitskaplege eksperiment.

For å gjennomføra oppseding i grunnlina til partiet må ein ta i bruk effektive metodar **«for å gjennomsyra bondemassane med den sosialistiske ideologien heile tida og kritisera tilvik til kapitalisme.»** Folket i Tachai har sagt det rette: «Utan å stengja den kapitalistiske vegen er det uråd å velja den sosialistiske vegen.» Ein må ta snarrådde tiltak mot underslagarar og tjuvar, spekulantar og profitørar. Dei få plassane der *san zi yu bao** er blitt praktisert og jorda er blitt delt ut til einskildpersonar, må ein vera snar med å korrigera. Ein må retta hard kritikk mot kapitalistisk verksemd som er blitt drive under uthengsskiltet om kollektivet, og den kollektive økonomien i folkekommunane må bli vend om til den rette stigen, konsolidert og styrkt.

For å gjennomføra oppseding i grunnlina til partiet må vi få eit godt grep om partipolitikken, og dei to ulike slaga av motseiingar — dei mellom oss sjølve og fienden og dei blant folket sjølv — må bli skild nøye frå kvarandre og handsama rett. **«Hjelp fleire folk ved å oppseda dei og gjer åtaksmålet smalare.»** Det overveldande fleirtalet av kadrane våre er gode eller jamnt gode. Når det gjeld kameratar som har gjort feil, også dei som har gjort ålvorlege feil, må vi halda oss til politikken med **«å læra av feil i fortida for å unngå feil i framtida og lækja sjukdomen for å berga pasienten.»** Det vil gå bra dersom dei som har gjort feil rettar på dei. Vi må halda på ein relativ stabilitet i kadrane på grunnplanet. Vi må ta hardt på sabotasjeverksemda til godseigarane, rikbøndene, kontrarevolusjonære og låke element og nye og gamle borgarlege element, og kontrarevolusjonære og dei som har drive med å mishandla folk, drive med øydelegging og plyndring må vi vera snare med å underkua.

Oppsedinga i grunnlina til partiet må bli gjennomført på ein vel-leidd og systematisk måte under den sentraliserte leiinga av fylkespartikomiteane etter metoden med å sameina arbeid både i og utanfor partiet, i både landdistrikt og bydistrikt og både på utvalde punkt og i heile område. Det må bli sendt ut effektive arbeidslag. Dei skal ikkje ta alt i sine eigne hender, men skal lita på partikomiteane i kommunane og partiavdelingane på grunnplanet og fattigbøndene og dei lågare mellombøndene. Det er naudsynt å laga ein fullstendig plan, gripa godt om ein tredel av arbeidet kvart år. Dette må vi halda iherdig fram med i lang tid, slik at oppgåva med å konsolidera proletariatets diktatur vert fullført heilt ned til grunnplanet og alle fylke vert bygt om til kjempande bolverk som held den proletariske revolusjonære lina til formann Mao i hevd og held seg til den sosialistiske vegen.

## IV. Det er tvingande naudsynt å skapa større utvikling i landbruket i Kina

Den framifrå situasjonen vi har no krev at det sosialistiske landbruket i landet vårt veks meir og snøggare. Dette er ei sak som har mykje å seia for heile folket overalt i Kina og

* *San zi yu bao* vil seia at ein vidar ut jordlappane til privat bruk og dei frie marknadene, at ein aukar talet på små verksemder som berre har ansvar for tap og vinning hjå seg sjølve, og å fastsetja produksjonskvotar for einskilde hushald som kvart og eit står på eigne vein.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no/ml-historie/) 2011



vil vera avgjerande for at den sosialistiske økonomiske oppbygginga av landet vårt kan utvikla seg med stor fart.

